



Dok. ref.
2020001544-2/K1-076, K2-C55/139

Dato:
16.10.2020

Retningslinjer for tildeling av ungdommens kulturstipend i Årdal kommune

- Vedteke i sak 011/20 i utval for oppvekst og kultur

Formål

Ungdommens kulturstipend i Årdal kommune skal delast ut til ein ungdom eller gruppe/lag mellom 13 og 20 år som har markert seg med god ferdigheit eller fordjupning på eit område innanfor det utvida kulturbegrepet.

Stipendet kan tildelast ein eller fleire ungdommar, ei gruppe/eit lag eller ein organisasjon beståande av ungdom som er busett i eller har nær tilknytning til Årdal kommune.
Ein er oppteken av at kulturstipendet skal vere stimulerande og motiverande til vidare satsing og utvikling av talentet til den/dei som får det.

Framlegg til kandidat og handsaming

- Stipendet skal lysast ut via kommunen si heimeside, sosiale medium og eller lokalaviser.
- Alle framlegg eller søknader på stipendet skal vere skriftleg og ha ei grunngjeving.
- Ein kan få stipendet ein gang.
- Utval for oppvekst og kultur avgjer om stipendet skal delast ut og kven som skal få det. Tildelinga krev samråystes vedtak.
- Tildelinga skal vere konfidensiell til utdelinga.
- Utdeling kan skje på kommunestyret sitt desembermøte eller eit anna passande arrangement om hausten. Stipendet vert delt ut av ordføraren eller den ordføraren peikar ut.
- Ungdommens kulturstipend er på kr 15 000, samt eit diplom. I særskilde tilfelle kan stipendet delast mellom fleire kandidatar. Kronebeløpet vert vurdert årleg og fastsett av formannskapet.

Frist for grunngjeve innspel eller søknad er 1.oktober